

## Ruteinnspel frå kommunar og andre gjeldande frå 19. juni 2017

Vedlegg 1		Innspel som vert tilrådd imøtekomne:			
NR	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
1	Bremanger kommune/ Dalen Grendalag	Buss, Ytre Bremanger	Forlengje ruta frå Bortne til Isane søndag ettermiddag, til å starte i ytre Bremanger.	Rute 14-656 Bortne - Isane går slik som tidlegare på søndagen. Nytt frå sommaren 2016 er at transportøren Firda Billag nyttar ein buss som er stasjonert i ytre Bremanger. Denne bilen køyrer tomt til Bortne.  Dersom fylkeskommunen skal flytte rutestart til ytre Bremanger, vert dette å rekne som ei ruteendring som i sin tur utløyser regulering av godtgjersle tilsvarande den nye ruteproduksjonen. Kostnadsauken vert omlag 35 000 kr. Ei ny rute frå Hauge til Isane vil gi eit samband for vekependlarar, t.d. vgs elevar som skal til Sandane og Eid på skule. Samstundes må avstikkaren Bortne – Leirgulen vurderast.	Innspelet vert imøtekomne.
2	Flora kommune	Rutetilbodet generelt	Gode korresponderande og konkurransedyktige rutetilbod med buss, båt og fly samt tilrettelegging for elektriske køyretøy, som er slik utforma at alle kan nytte tilbodet (universell utforming)	Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider for å gi eit best mogleg rutetilbod innanfor dei økonomiske rammene som til ei kvar tid gjeld.	Fylkeskommunen vil arbeide for eit best mogleg kollektivtilbod.
3	Førde kommune	Skuleskyss generelt	Skulerutene må organiserast i tett dialog med kommunane	Det er viktig med ein tett og god dialog med kommunane for å sikre ein rasjonell og hensiktsmessig skuleskyss. Dette er eit høgt prioritert saksfelt for samferdsleavdelinga.	Innspelet vert imøtekomne.
4	Høyanger kommune	Venterom	Viktig med tilfredstillande venteromsfasilitetar på Nordeide, Ortnevik og i Vadheim.	Fylkeskommunen har ambisjon om å vidareføre venteromsstrukturen. Eit av innsparingstiltaka går ut på å spare 200 000 kroner på sektoren.  Det vert arbeidd med å reetablere venterom på Nordeide, som vart stengt i 2012. Her vert det og arbeidd med trafikktryggingstiltak i forhold til buss og bilar. I Vadheim er venterommet forfalle og treng ei opprusting for å kome i akseptabel stand. Det har ikkje vore venterom i Ortnevik i fylkeskommunal regi.	Fylkeskommunen vil arbeide for tilfredstillande venteromsfasilitetar innanfor dagens budsjett.
5	Nettbuss	Buss, Flybussen Haukåsen	Stenge for påstiging mellom Kaupangersenteret og Sogndal	Flybussen er spesielt tilrettelagd for reisande til og frå flyplassen på Haukåsen, men ruta er og open for andre reisande. Ved forseinkingar på fly til Sogndal Lufthamn Haukåsen får dette følgjer for passasjerane. Påstigande passasjerar mellom Kaupangersenteret og Sogndal kan forseinke flybussen ytterlegare.  Det går omlag 10 andre ordinære bussavgangar på strekka Kaupangersenteret-Sogndal som andre reisande kan nytte. Fylkesdirektøren rår difor til å stenge for påstiging på denne strekinga, i retning Sogndal.	Innspelet vert imøtekomne.
6	Prosjekt Øyane	Florabassenget	Ta bort krav om tinging på dei rutene som fekk slikt krav innført sommaren 2016	Det vart innført tinging på ei rekkje ruter i Florabassenget sommaren 2016. Etter tilbakemelding vart dette endra tilbake til slik det var før sommaren 2016.	Innspelet er allereie imøtekomne.

NR	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
7	Solund kommune	Buss, Nåra	Bussen på Nåra må vere stor nok til å ha plass til alle passasjerane og deira bagasje.	Størrelse på buss skal vere dimensjonert for å handtere normal pårekeleg trafikk. Samferdsleavdelinga sjekkar ut om bussen er for liten.	Innspelet vert imøtekome.
8	Solund og Eid kommunar	Rutekunngjering	Informasjon om ruter og ruteendringar må gjerast lettare tilgjengeleg for alle reisande. Rutetabellar og papir på nett må tydeleg syne det samla rutetilbodet.	Grunna nye lovkrav og nye tekniske plattformer vert rutesøk levert elektronisk. Fylkeskommunen prioriterer rutekunngjering svært høgt og ønskjer å levere korrekte opplysningar til dei reisande. Ein er avhengig av mange ulike aktørar for å levere eit komplett rutesøk, difor er det i praksis umogleg å lage eit rutehefte på papir som inneheld komplette og rette opplysningar om alle rutene i fylket for eit heilt år.  Det siste året har det vorte lagt ned eit formidabelt arbeid for å betre rutesøket og ein har lagt til rette for at det er mogleg å skrive ut eigne, oppdaterte rutetabellar frå kringom.no. Der skal dei reisande til ei kvar tid finne komplette og korrekte ruteopplysningar for alle rutene i fylket.	Innspelet vert imøtekome.
9	Solund kommune	Buss, Ytre Sula	Bestillingsrute til Kverrhella på Ytre Sula fredag og søndag i sommarperioden.	På stadar med få innbyggjarar og manglande grunnlag for ordinære ruter, kan bestillingsrute vere eit alternativ. Kostnaden knytt til slik bestillingsruter avheng av bruken og tal moglege bestillingsturar. Tidlegare gjekk denne ruta i sommarperioden som bestillingsrute. Kostnaden vil ved moderat bruk i sommarferien kome på under 5 000 kr.	Innspelet vert imøtekome
10	Vik kommune	Buss og Ferje, Hella, Dragsvik og Vangsnes	Arbeide for betre korrespondansar mellom buss og ferje.	Rutetidene for ferjene i Balestrandsektoren vart lagt om 1. Januar 2016.  Det er naturleg at Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunane Vik og Balestrand utover vinteren evaluerer erfaringane frå det nye ruteopplegget og vurderer om det kan gjerast justeringar.	Innspelet vert imøtekome.

Vedlegg 1		Innspel om vidareføring av dagens tilbod:			
Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
11	Bremanger kommune	Rutetilbodet generelt	Rutetilbodet i Bremanger må få vere på same nivå som i dag.	Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
12	Fjaler kommune	Ferje, Askvoll - Fure	Oppretthalde ferjesambandet.	Etter opninga av Dalsfjordbrua har trafikken på sambandet gått ned. Sambandet har likevel mange brukarar, og det er raskaste vegen for dei i vest. Utviklinga på Lutelandet er og med å auke reisebehovet i vest. Det er ikkje planlagt større endringar av rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert uendra i 2017.
13	Flora kommune	Rutetilbodet generelt	Rutetilbodet i Flora med båt, buss og fly må vere på minimum same nivå som i dag.	Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet for buss og båt i 2017. Når det gjeld flytilbodet er det staten som fastset dette.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
14	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Fylkesrådet for eldre	Buss i utkantane	Viktig at innbyggjarane ikkje misser det siste kollektivtilbodet som er. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokalruter som vert nedlagt. Viktig med godt vintervedlikehald på gang og sykkelveggar. Viktig med universell utforming av busstopp.	Serviceskyssen er ofte eit godt alternativ til trafikksvake ruter. Det er ikkje planlagt større endringar i rutetilbodet i 2017. Utbygging og drift av vegar er ikkje ein del av kjøpsaka, og vert ikkje behandla i denne saka.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
15	Førde kommune	Buss, generelt	Bussrutene må skånast mest mogleg.	Det er ikkje planlagt større rutekutt i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
16	Gulen kommune	Rutetilbodet generelt	Rutetilbodet må oppretthaldast på dagens nivå.	Gulen kommune har mange fylkesoverskridande buss og båtruter gjennom kommunen. Dei fleste lokalrutene er enten skuleruter eller tilførselsruter til gjennomgangsrutene. Det er ikkje planlagt større endringar i rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
17	Gulen kommune	Rutetilbodet generelt	Forbete ruteinformasjon og marknadsføring av rutetilbodet. Samarbeide betre med lag og organisasjonar.	Billettinntekter står for ein viktig del av finansieringa av rutetilbodet. Nye teknologiske plattformer gir nye moglegheiter til å få ut informasjon om rutetilbodet. Fylkeskommunen er alltid open for ein dialog med ulike brukargrupper om tilrettelegging av ruter. Elles har fylkeskommune ordningar som t.d. "Lokale Transporttilbod for ungdom" der ungdomsgrupper kan søke om tilskot til transport til ulike arrangement.	Det vert arbeid vidare med å forbete rutekunngjering og marknadsføring av rutetilbodet.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
18	Høyanger kommune	Rutetilbodet generelt	Bed om at dagens rutetilbod vert vidareført utan reduksjonar.	Dagen rutetilbod er viktig for mange. Viktig med god tilrettelegging mot aktuelle brukargrupper, t.d. vgs elevar frå Lavik til Høyanger. Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Ruteilbodet vert tilnærma uendra i 2017
19	Høyanger kommune	Båt, Nordeide - Sørsida	Båt/ferjeruta er viktig for Høyanger kommune og må ikkje reduserast i omfang.	Kombibåten som går i rute i midtre del av Sognefjorden gir viktige samband for mange bygdelag. Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Ruteilbodet vert tilnærma uendra i 2017
20	Luster kommune	Buss, generelt	Rutetilbodet må ikkje takast vidare ned, målet må vere å betre tilbodet.	Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
21	Luster kommune	Trygt heim for ein 50 lapp	Trygt heim for ein 50 lapp er ei god ordning som må vidareførast.	Trygt heim for ein 50 lapp er eit trafikktryggingstiltak. Bruken av ordninga har gått nedover siste åra. Det vert lagt opp til å betre informasjonen om ordninga i 2017. Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
22	Luster kommune	Serviceskyss	Serviceskyss er eit godt tilbod, og må vidareførast og utviklast.	Serviceskyss er eit tiltak der det vert skreddarsydd lokale rutetilbod med drosje/minibuss. Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
23	Luster kommune	Sognefjellsbussen	Sognefjellsbussen er viktig for Luster kommune og må vidareførast. Rutetilbodet kan gjerne vidareutviklast.	Sognefjellsbussen går i sommarmånadane og er eit fylkesoverskridande rutetilbod der Sogn og Fjordane og Oppland fylkeskommune er oppdragsgivarar. Ei vidareutvikling av tilbodet inn mot større strukturar vil kunne betre passasjergrunnlaget, og må alltid vurderast. Det er ikkje planar om større endringar i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
24	Lutelandet utvikling	Ferje, Askvoll - Fure	Bed om at ferjesambandet ikkje vert redusert eller lagt ned.	Etter opninga av Dalsfjordbrua har trafikken på sambandet gått ned. Sambandet har likevel mange brukarar, og det er raskaste vegen for dei i vest. Utviklinga på Lutelandet er og med å auke reisebehovet i vest. Det er ikkje planlagt større endringar av rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
25	Post-pensjonistane i Sogn og Fjordane	Buss og båt i utkantane	Postpensjonistane er bekymra for rutetilbodet i utkantane	Siste åra er ei rekkje utkantruter med få reisande blitt lagt ned. Nokre bygdelag har berre skulerutene igjen. Områder utan skuleelevar står gjerne heilt utan noko rutetilbod. Serviceskyss er eit alternativ der det er manglande rutetilbod. Det er ikkje planlagt større endringar av rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
26	Solund kommune	Båt, lokalbåtar	Det lokale båtuttilbodet er heilt avgjerande for busetnad og må ikkje reduserast.	Det er ikkje lagt opp til større endringar i rutetilbodet i 2017.	Ruteilbodet vert tilnærma uendra i 2017

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
27	Ungdoms-politisk utval	Ungdomskortet	Bed om at ordninga med ungdomskort vert oppretthalden.	Bruken av ungdomskort har gått mykje ned siste åra. I samband med elektronisk billettering, har administrasjonskostnaden knytt til ordninga gått mykje ned. Det er ikkje planar om å redusere ungdomskortordninga. Det vert heller ikkje foreslått å auke taksten for ungdomskort i 2017.	Ungdomskort tilbodet vert uendra i 2017
28	Ungdoms-politisk utval	Rutetilbodet generelt	Bed om at fylkeskommunen opprettheld eit best mogleg rutetilbod som gjer det effektivt, enkelt og billeg å reise kollektivt.	Ungdom er den største brukargruppa til kollektivtilbodet. Mange reiser dagleg til og frå skule. I tillegg er ungdom aktiv på fritida med ulike aktivitetar. Sidan mange ikkje har førarkort er kollektivtilbodet viktig for denne gruppa. Det er ikkje lagt opp til store endringar i kollektivtilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
29	Viksdalen pensjonistlag	Buss i utkantane	Viksdalen pensjonistlag er bekymra for rutetilbodet i utkantane	Siste åra er ei rekkje utkantruter med få reisande blitt lagt ned. Nokre bygdelag har berre skulerutene igjen. Områder utan skuleelevar står gjerne heilt utan noko rutetilbod. Serviceskyss er eit alternativ der det er manglande rutetilbod. Det er ikkje planlagt større endringar av rutetilbodet i 2017.	Rutetilbodet vert tilnærma uendra i 2017.
30	Vågsøy kommune	Buss, Stadlandet til Møre	Oppretthalde sambandet.	Rutestrukturen i området vart reorganisert for få år sidan. Sogn og Fjordane fylkeskommune planlegg ikkje endringar i sine ruter i 2017. Signala frå Møre og Romsdal er at dei heller ikkje har planar om endringar i 2017.	Rutetilbodet vert uendra i 2017.
31	Vågsøy kommune	Båt, Båtruter til Silda og øyane i sør	Oppretthalde sambandet.	Det er ikkje planlagt endringar i 2017.	Rutetilbodet vert uendra i 2017.

Vedlegg 1		Innspel det ikkje vert tilrådd å imøtekome:			
Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
32	Aurland kommune	Buss, pendlarruter	Pendlarrute frå Aurland til Sogndal, Årdal og Voss	Aurland ligg plassert langs E16, men avstandane er store til omkringliggende regionsenter. For å etablere pendlarruter må reisetidene vere akseptable (ikkje mykje over ein time) og befolkningsgrunnlaget tilstrekkeleg. Med eit innbyggjartal på under 2 000 vil det vere krevjande å opparbeide pendlarruter. Normal reisetid Aurland - Sogndal med rutebuss er over 1,5 timar. Aurland kommune har etablert ei eiga bussrute som går direkte utan stopp mellom Aurland og Sogndal, denne tek 1 t og 10 minutt.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
33	Aurland kommune	Buss, Bergen, Oslo og Sogndal	Betre rutetilbod til Sogndal, Oslo og Bergen	Dei fylkeskryssande rutene gjennom Aurland er no blitt kommersielle. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje har råderett over desse rutene. Dei fleste rutene mellom Sogndal og Aurland er og ein del av dei kommersielle rutene som går vidare til Bergen. Ein ny rundtur i vekedagane i fylkeskommunal regi mellom Sogndal og Aurland kostar over 1 mill. kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
34	Aurland kommune	Buss, fylkes-overskridande reiser	Reiseprodukt, plassgaranti og reisebetingelsar må verte meir einsarta og saumlause på tvers av fylkesgrenser og transportør.	Dei fleste rutene mellom Sogndal og Aurland er og ein del av dei kommersielle rutene som går vidare til Bergen. Ein ny rundtur i vekedagane i fylkeskommunal regi mellom Sogndal og Aurland kostar over 1 mill. kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
35	Balestrand kommune	Buss, pendlarrute Balestrand	Etablere pendlarrute frå Høyanger/Balestrand til Dragsvik 07.40	Dei fleste rutene mellom Sogndal og Aurland er og ein del av dei kommersielle rutene som går vidare til Bergen. Ein ny rundtur i vekedagane i fylkeskommunal regi mellom Sogndal og Aurland kostar over 1 mill. kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome slik det føreligg.
36	Balestrand kommune	Buss, Balestrand -Meel	Snu på rutetraseen ved rutestart i Balestrand sentrum. Dette for å gjere det betre for pendlarar frå ytre del av Balestrand som nyttar bil til Balestrand sentrum.	Dei fleste rutene mellom Sogndal og Aurland er og ein del av dei kommersielle rutene som går vidare til Bergen. Ein ny rundtur i vekedagane i fylkeskommunal regi mellom Sogndal og Aurland kostar over 1 mill. kr.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
37	Jenny Kristin Menes	Ferje, Kriseruter i Balestrandsektoren	Kriserutene i Balestrandsektoren nyttar Balestrand istaden for Dragsvik når Esefjorden er stengt. Det er behov for at kriserutene går oppom Dragsvik.	Ferjerutene i Balestrandsektoren vart lagt om 1. januar 2016. Dette sambandet er drive av Statens vegvesen. Fylkeskommunen vil vidarebringe innspelet til Statens vegvesen.	Innspelet vert ikkje behandla i kjøpssaka.
38	Eid kommune	Buss, Eid - Ålesund	Ruter til Volda må korrespondere med Timeekspresen til Ålesund	Rutene er lagt opp for å gi best mogleg korrespondansar. Ofte har rutene fleire korrespondansepunkt, då kan det verte noko ventetid nokre stadar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
39	Eid kommune	Buss, generelt	Bussrutene må vere gjennomgåande. Ikkje bussbyte undervegs.	Rutetilbodet i Sogn og Fjordane består av samankopla lokalruter samt nokre gjennomgåande regional og ekspressruter. Ruteløpa vert forsøkt sydd saman slik at bussane er gjennomgåande der hovudstraumen av passasjerar er, men dette let seg ikkje alltid gjere i praksis.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
40	Fjaler kommune	Ekspressbåt, Nordfjord - Bergen	Grytøyra som ny stopp for ekspressbåten	Nordfjordbåtane vil gi to samband i kvar retning for dagen til ytre Fjaler. For aktiviteten på Lutelandet kan dette vere ein fordel. Dersom båtane skal gå innom vil det ta om lag 15 minutt ekstra tid. Det er umogleg å ta inn denne tida ved auka fart. Det er heller ikkje realistisk å ta inn denne tida ved å kutte andre stopp. Vidare er det på kort sikt heller ikkje realistisk å justere rutene med 15 minutt for å lage plass til ein ekstra stopp i rutetabellen, dette grunna korrespondansar med det øvrige rutenettet. Kostnaden med 15 minutt ekstra rutelengde er fleire hundre tusen kroner.	Innspelet vert ikkje imøtekome
41	Flora kommune	Båt, Florabassenget	Gratis frakt av sykkel på båtane i Florabassenget.	Sykkeltaksten i Florabassenget er 33 kroner mot 58 kr andre stadar i fylket. Økonomisk er det i dag 9 000 kr i inntekt på sykkelfrakt i Florabassenget. Gratis frakt av sykkel vil vere eit positivt tiltak, og høver godt inn saman med andre sykkelbytiltak.  Men trafikkbildet på Fugleskjærskai er utfordrande – spesielt i samband med skuleavgangane, og fleire tiltak er sett i verk for å trygge dei reisande i dette området. Fleire syklande i området kan utgjere eit problem for tryggleiken.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
42	Per Olaf Thornes	Båt, Stjernestopp DØMBA	Det er ynskjeleg at båtruta skal kunne gå oppom Domba på bestilling.	På øya Barekstad i Florøbassenget går rutebåten kun til Barekstad. I den grad båtane skal kunne tingast til å gå oppom Domba, må rutetidene ta høgde for det, noko som får konsekvensar for andre reisande. I tillegg får vi kostnader knytt til ekstra utsegla distanse og kai.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
43	Prosjekt Øyane	Florabassenget	Prosjekt Øyane gjer framlegg om ei rekkje endringar. Fjerning av tinging på fleire avgangar samt ei rutejustering på arbeidsruta frå Svanøy.	Båtrutene i Florøbassenget er sett opp med faste stopp der det er mange reisande. På stadar med færre og meir sporadisk reisande er det sett opp stjernestopp, slik at ikkje båtane heftar seg unødig. Det er heile vegen ein balansegang for kva som er hensiktsmessig organisering av rutene. Det som er bra for nokre kan gå på bekostning av andre.	Innspelet slik det ligg føre vert ikkje imøtekome.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
44	Prosjekt Øyane	Florabassenget	Takst for frakt av traktor, tilhengar og sykkel må reduserast.	I Florabassenget vert det nytta 2 takstsett. Fergesatsar gjeld for føring av bil medan hurtigbåtregulativet gjeld for det andre. Inntekter knytt til biltilhengar var under kr 4 000 og frakt av sykkel utgjorde kr 9 000 i 2015. Inntektstala for traktor har vi ikkje greidd å skilje ut, men det er ikkje forventa det store omfanget. Kostnaden med å imøtekome dette innspelet er ikkje den største. Spørsmålet er her meir korleis ein likebehandlar reisegrupper i Sogn og Fjordane, dersom ein gjer avvik frå takstane.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
45	Askrova bygdelag og Svanøy Grendautval	Båtrute, Florabassenget	Justering av arbeidsruta i Søre distrikt. Stjernestoppa bør takast i forkant av dei faste stoppa. Dei faste stoppa vil kunne utsettast med 15 minutt.	Båtrutene er lagt opp så rasjonelt som mogleg der ulike interesser vert forsøkt ivareteke best mogleg. Dersom stjernestoppa skal takast i forkant av ruta kan båten få lenger seglingsdistanse, og kostnadane kan auke.	Innspelet slik det ligg føre vert ikkje imøtekome.
46	Førde kommune	Serviceskyss	Ny rute med serviceskyss Haukedalen/Holsen til Førde	Strekninga Haukedalen - Førde har få andre ruter enn skulerutene. Truleg er det potensiale for ei serviceskyssrute på denne strekka. Førde kommune etablerte sine første serviceskyssruter for eit par år sidan. Desse rutene er enno ikkje innkøyrde, evaluerte og justerte. Fylkesdirektøren ynskjer å gjere ei evaluering på det eksisterande rutetilbodet, før det vert vurdert ei utviding av ordninga i Førde kommune	Innspelet vert ikkje imøtekome.
47	Anita og Helen Halbrend	Buss, Bybuss Førde	Bybussen bør gå oppom Flatene	Området rundt Flatene er sentrumsnært og har mange bebuarar. Vegen opp til Flatene er svært bratt og smal. Noko som gjer den ueigna for eit høgfrekvent rutetilbod med buss.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
48	Gaular kommune. Helse og Sosialutvalet, Rådet for funksjonshemma, Viksdalen pensjonistlag	Buss, Lokalruter i Gaular	Minimumstilbod med ruter minst ein gang i veka i alle bygdelag heile året.	For veglause grender der innbyggjarane er avhengige av båt, har fylkeskommunen definert eit minimumstilbod. På landsida der innbyggjarar har alternative reisemåtar, er det ikkje definert eit minimumstilbod. Fylkeskommunen har etablert ei ordning kalla serviceskyss i fleire kommunar. Dette for å gi eit høveleg tilbod der dei ordinære rutene er mangelfulle.	Innspelet vert ikkje imøtekome
49	Høyanger kommune	Buss, Høyanger-Førde	Morgonruta frå Høyanger til Førde bør gå direkte vidare til Førde sentralsjukehus	Førde sentralsjukehus er eit reisemål for mange. Overgang på rutebilstasjonen i Førde er for mange eit heft. Ei forlenging av ruta vil koste om lag 40 000. Ruta frå Høyanger kl. 0835 er i Førde kl. 10.00 og køyrer vidare til sjukehuset dersom passasjerar. Ruta frå Høyanger kl. 06.50 - Førde 08.05, har korrespondanse vidare til sjukehuset kl. 08.10. Det vil bli mykje dobbelkøyring om alle bussar til Førde skal innoom sjukehuset.	Innspelet vert ikkje imøtekome.



Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
50	Jølster ungdomsråd	Buss, Førde - Skei	Sein laurdagsavgang frå Førde kl. 24.00 til Skei.	Ein rundtur kvar laurdag mellom Skei og Førde vil koste om lag kr 150 000. Ruta vil gå gjennom eit område mange soknar til. Dersom det t.d. er med 15 passasjerar i snitt vil dette gi inntekter på omlag kr 40 000. Inntekter kjem til fråtrekk på kostnaden. Trygt heim for ein 50 lapp er etablert på same strekninga. Denne går kl. 03.00, og er retta mot ei eldre målgruppe. Siste ordinære buss frå Førde laurdagskvelden går kl. 20.30.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
51	Jølster ungdomsråd	Buss, Førde - Skei	Sein kveldsavgang frå Førde kvar vekedag kl. 22.00.	Ein rundtur på vekedagar vil koste om lag kr. 750 000. Ruta går gjennom ei område mange soknar til. Dersom ein legg til grunn om lag 10 reisande i snitt vil inntektene verte om lag 150 000. Siste buss frå Førde går kl. 20.30.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
52	Jølster ungdomsråd	Buss, Skei - Førde	Ynskjer å få lov å stige på bussar på Skei etter kl. 17.40 på laurdagar.	Den kommersielle bussruta frå Oslo til Førde er stengt for påstiging mellom Skei og Førde på laurdagsavgangen kl. 22.55. Bakgrunnen for dette er at det til tider har vore ordensproblem med personar som er på veg til Førde på fest. Fylkeskommunen er ikkje drivar av ruta og har ikkje høve til å pålegge operatør å opne ruta for påstiging. Siste avgang frå Skei til Førde er kl. 17.20.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
53	Jølster ungdomsråd	Buss, Førde - Sandane	Buss frå Førde til Sandane for vgs elevar.	Det går i dag vgs buss frå Årdal i Jølster kl. 07.20 til Sandane. Å starte denne ruta i Førde vil koste om lag kr 200 000. Reisetida med buss frå Førde til Sandane er omlag 1,5 time.	Innspelet vert ikkje imøtekome.
54	Luster kommune	Buss, Brebussen	Brebussen frå Sogndal til Nigardsbreen har vore prosjektfinansiert i mange år. Luster kommune ynskjer at denne ruta vert teken inn i ordinær ruteproduksjon.	Brebussen er ei rein turistrute. Fylkesdirektøren har forståing for at forutsigbarhet i rutetilbodet er viktig for å kunne selje ruta inn hos dei store incoming operatørane i reiselivet. Finansiering frå år til år kan vere ei utfordring for denne forutsigbarheta.  Turistar er ei viktig passasjergruppe på fylkeskommunale ruter, men fylkeskommunen har svært få reindyrka turistruter. Det ligg noko utanfor kjerneområdet til fylkeskommunen å opparbeide og drive reine slike ruter. I den grad fylkeskommunen skal engasjere seg i eit slikt prosjekt må det vere som ein samarbeidspart, der initiativtakar har hovudansvar for å utvikle ruta.	Innspelet vert ikkje imøtekome slik det føreligg.
55	Solund kommune	Båt, Ekspressbåtane	Ekspressbåten til Sogn bør også stoppe på Vardetangen.	Ekspressbåtane tener både lokalrutefunksjonar og langrutefunksjonar. Dei fleste reisande om bord er langtreisande til og frå Bergen. For å spare tid, deler Nordfjord og Sogneruta stoppa gjennom Gulen mellom seg. Dette går utover dei lokalreisande sidan kvar båt ikkje går innom alle stopp. Dersom ekspressbåten til Sogn skal svinge innom Vardetangen vil dette krevje minst 10 minutt. I tillegg til kostnaden, vil det medføre ei vesentleg justering av rutetabellen og lenger reisetid for tusenvis av passasjerar.	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
56	Solund kommune	Båt, Ekspressbåtane	Etablere ekspressbåtstopp på Hardbakke	<p>År om anna har det vore vurdert å flytte Nordfjordbåtane frå Krakhella til Hardbakke. Utfordringane tidlegare har vore nokre grunner utanfor Hardbakke, samt ei meir vêrhard seglingsled.</p> <p>Vidare er det i dag korrespondanse i Rysjedalsvika med Sognebåten, noko som vil verte ein for lang omveg om Nordfjordbåten skal gå lenger vest.</p> <p>Fylkeskommunen er kjend med at det er gjennomført nokre utdjuingar av seglingsleda inn til Hardbakke men det er ikkje føreteke nye vurderingar av tilkomst for ekspressbåten. Dersom Nordfjordbåten skal endre seglingsmønster er dette ei sak som må greiast ut i ein større samanheng.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome slik det føreligg.
57	Solund kommune	Ferjeruta Daløy - Haldorsneset	Justering av rutetidene på Daløy Haldorsneset.	<p>Nokre av justeringane går på mindre endringar innanfor dagens opningstid på sambandet. Andre framlegg til endringar vil krevje utvida opningstider. Utvida opningstider er kostnadskrevjande.</p> <p>I ein situasjon der det vert gjort utgreiingar om rutekutt, vil det vere krevjande å finne rom for større kostnadsaukar.</p>	Fylkesdirektøren vil saman med Statens vegvesen og Solund kommune drøfte mindre justeringar av rutetidene, som ikkje aukar kostnadane.
58	Solund kommune	Ferje, Krakhella - Rysjedalsvika	Stjernestopp på Losna	<p>Ferjeruta Krakhella - Losna - Rutledal - Rysjedalsvika er blitt finjustert ei rekke ganger. I tillegg til å nå viktige tidspunkt, er rutene sett opp med flest mogleg avgangar innanfor eit driftsopplegg med ei ferje. Dagens driftsopplegg er optimalisert med små rom for justeringar. Eit ekstra stjernestopp vil medføre at dette må takast høgde for i rutetabellen som igjen vil medføre andre endringar.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
59	Solund kommune	Buss, generelt om bestillingsruter i Solund	Bestilling av buss bør skje lokalt i Solund.	<p>Det er i anbudsavtalane ikkje sett krav til lokalt kontaktpunkt innanfor kommunen når ein skal bestille bussrute. Kravet er at kontaktpunktet skal vere i Sogn og Fjordane. Det er opp til operatør å vurdere ei hensiktsmessig organisering av bestillingsruter. Det er pr. i dag lokal bestilling i Solund.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
60	Solund kommune	Ruteilbodet generelt	Det må vere gode korrespondansar melom lokale og regionale ruter på helgedagar.	<p>På helgedagar er rutetilbodet sterkt redusert. Berre dei viktigaste rutene går, mange lokalruter går ikkje. Reisebehovet til folk er heilt annleis på helgedagar enn på arbeidsdagar.</p> <p>Passasjergrunnlaget og reisebehovet på helgedagar tilseier at ikkje alle ruter kan gå.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
61	Vik kommune	Buss, Vik - Voss	Bussrute Voss- Vik fredag og Vik - Voss på søndag, også i vinterperioden.	<p>Bussrutene over Vikafjellet i vinterperioden (1.november til 1. april) vart lagt ned. Mange kanselleringar grunna stengt veg var ei av årsakene. Vidare la Hordaland fylkeskommune ned sin del av rutene. Det er mogleg å re etablere rutene, men det skapar mykje ugreie for dei reisande når fjellet er stengt.</p> <p>Det er alternativt rutetilbod via Sogndal til og frå Vangsnes. Dersom vi re etablerer rutene, og vegen er stengt, vil dei reisande kunne nytte desse alternativa. Kostnaden for ein rundtur fredag og søndag i vinterperioden er omlag 100 000 kr.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
62	Vik kommune	Buss, skulerute Flatbygdi-Ovrisdalen-Seljedalen	Gjennopprette skuleruta oppom Myrkaskog og Åse.	<p>Skuleruta vart lagt om og nokre elevar har fått lenger gangveg til skulebussen. Dette har vore ein del av dei årlege skulerutejusteringane. Kostnaden ved å re etablere ruta er om lag 200 000 kr dersom vi set inn ekstra buss. Dersom vi lar skulebussen til/frå Ovrid gå ein ekstratur oppom Myrkaskog/Åse, vil dette koste om lag 35 000 kr. Elevane med den bussen får då ein omveg.</p> <p>Det er ikkje farleg skuleveg frå Myrkaskog/Åse. Gangavstand er innanfor skyssgrensene og det som andre elevar andre stadar i fylket kan måtte gå.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome
63	Vik kommune/Marit Aafedt Fjærestad	Buss, Sogndal - Vik	Manglande korrespondanse frå Trondheim til Vik.	<p>Slik rutetilbodet er i dag er det ventetid på Skei i 1,5 t. Vidare er det ventetid i Sogndal på nærare 5 timar. Det er ikkje samband via Vadheim.</p> <p>Det er mogleg å etablere ei rute frå Leikanger til Hella. Ved hjelp av lokalruter Sogndal- Leikanger og Vangsnes -Vik vil vi få eit nytt samband Sogndal-Vik. Dette vil gi nye samband både frå Trondheim, Luster, Årdal og Lærdal til Vik midt på dag. Det manglar i dag samband til Vik midt på dag.</p> <p>Kostnaden ved denne nye rutelekkja vil vere omlag 200 000 for ei rute i vekedagane. Det vil vere naudsynt med mindre justeringar på lokalruta Sogndal - Leikanger.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
64	Vågsøy kommune	Ferje Måløy-Oldeide	Timesavgangar på sambandet	<p>Kvar rundtur i sambandet tek over ein time. Timesavgangar vil difor krevje 2 ferjer.</p> <p>Dagens avgangar er tilpassa aktuelle reisemål som t.d. skule og arbeidstider. Stivare rutetider vil føre til auka ventetid for mange.</p> <p>Kostnaden med ei ekstra ferje er formidabel. Kostnaden for kvar ekstra avgang innanfor dagens 1 ferjeløysing på dagtid vil vere omlag 1-1,5 mill. kr.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.
65	Vågsøy kommune	Ferje Måløy-Oldeide	Fleire avgangar på kveld og seinare sisteavgang.	<p>Kvar ny avgang på kveldstid vil koste om lag 1,5 mill. kr. Dersom sisteavgangen vert flytta til seinare på kvelden vil opningstida auke på sambandet. Dette kan gje utfordringar knytt til arbeidstidsordningar for mannskapet, samt det vil auke kostnadane. Denne ekstrakostnaden må bereknast konkret utifrå faktisk justering.</p>	Innspelet vert ikkje imøtekome.

Nr	Innspel frå	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
66	Vågsøy kommune	Buss, Måløy-Svelgen-Førde/Florø	Etablere bussrute på strekninga. Etablere dagpendlartilbod for vgs elevar frå Bremanger til Måløy vgs.	Området mellom Måløy og Florø er grisgrendt og stort. Kostnaden med å etablere ein rundtur Måløy - Florø vil koste om lag 1,5 mill. for ei rute som går vekedagane. Det er lite potensiale for å etablere eit attraktivt tilbod som kan vere til nytte for mange personar.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
67	Vågsøy kommune	Buss, Selje kommune - Måløy	Legge til rette for at vgs skuleelevar frå Selje kommune kan dagpendle til Måløy.	Det går vgs. skulerute frå Selje til Måløy. Denne har nærare ein time reisetid. Andre delar av Selje har så lang køyreavstand at det fram til no ikkje har vore aktuelt å etablere skulerute.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
68	Vågsøy kommune	Buss, Raudeberg - Tennebø	Timesruter på strekninga, og ruter på kveldstid. Kommunen inviterer fylkeskommunen med på spleiselag saman med næringslivet.	Avstanden mellom Raudeberg og Tennebø er om lag ei mil kvar veg. Kvar rundtur i vekedagane vil årleg koste om lag 135 000 kvart år. Det bur mange menneske langs denne traseen, slik at det er eit vist potensiale dersom avgangane vert mange nok og treff reisebehovet. For å etablere timesruter og kveldsruter vil det ført koste millionbeløp. Mellom Måløy og Tennebø går der over 12 avgangar kvardagar (brurutene). Frå Raudeberg går det omlag det halve.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
69	Vågsøy kommune	Buss og båt til flyplassane	Korrespondanse mellom Kystvegekspressen og morgonfly frå Florø. Bussruter til Anda og Ørsta. Det må etablerast betre korrespondansar med flyruter.	Tidlegare var det korrespondanse med Kystvegekspressen og morgonflyet frå Florø. Tidlegare flyavgang gjorde at båten måtte prioritere arbeidsreisande eller flyreisande. Framskunding av rutetida vil gjere Kystvegekspressen uaktuell for mange reisande. Når det gjeld flybuss har fylkeskommunen to slike rutestadar, Sogndal og Førde. Dette er to etter måten korte ruter med mange reisande. Rutene er i stor grad sjølvfinansierande. Ruter mellom Måløy og Anda/Ørsta vil verte lange med færre reisande. Slike ruter vil bli dyre. Når det gjeld korrespondansar med fly, så endrar flyrutene seg uavhengig av lokalruter i Sogn og Fjordane. Dei rutene som skal fungere som flybuss/båt må i praksis berre ha dette som formål, og endre seg i takt med flytidene.	Innspelet vert ikkje imøtecome.
70	Årdal kommune / Eldrerådet i Årdal	Ringbussen i Årdal	Utvide Ringbussen frå 3 dagar i veka til alle dagar.	Med "alle dagar" legg vi til grunn alle yrkedagar i vår vurdering. Kostnaden med ei slik utviding er om lag 130 000 der billettinntekter går til fråtrekk. Det reiser i dag nærare 6 000 passasjerar med årleg på ringbussen, noko som gjev om lag 90 000 i inntekt. Ringbussen går lokalt i byggefelta på Tangen og mellom Øvre og Tangen. I tillegg til ringbussen går der mange bussruter mellom Øvre og Tangen, mange av desse går vidare til Fodnes. Totalt går der omlag 15 avgangar på kvardagar kvar veg, noko som må reknast som eit godt tilbod i Sogn og Fjordane målestokk.	Innspelet vert ikkje imøtecome.